



ÅRSMØTE 2024

21. mars kl. 14.00

Straume innbyggjartorg og bibliotek

Sak 1: Opning

Opning ved leiar.

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Facebooksida til Treff+ 19.02.2024 og på aktivitetsskalenderen til kommunen.

Saksdokumenta vart ferdige 07.03.24, og gjort tilgjengelege på heimesida til kommunen, Facebooksida til Treff+ og i papirformat på dei tre innbyggjartorga/biblioteka. Saksdokumenta blir også tilgjengelege ved opninga av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Treff+ 2024:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskriva protokollen
4. Årsmelding frå styret
5. Rekneskap og revisor-rapport
6. Innkomne framlegg
7. Handlingsplan for 2024
8. Budsjett
9. Val av styreleiar
10. Val av styremedlemmar
11. Val av revisor og to medlemmar til valnemnda
12. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjende.

Sak 3: Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å skriva under protokollen

Framlegg til vedtak:

Møteleiar: Berit Anita Knudtsen Larsen

Referent: Unni Sørensen

Til å underskriva protokollen -----(forslag på to frå salen)

Vedtak:

Sak 4: Årsmelding frå styret i Treff+ for 2023

Bakgrunn og føremål

Treff+ vart etablert som eit ope kultur- og handletilbod for seniorar 28. mai 2015. Treff+ vart vedtatt endra til foreining 30. september 2020 og registrert i Brønnøysundregisteret 29. oktober 2020.

Treff+ samarbeider med Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Sund senter og Rong senter samt Aktiv+ og liknande frivillige organisasjonar.

Føremålet er å tilby aktivitetar som skal gi auka livskvalitet og demme opp for einsemd.

Styret

Leiar Berit Anita Knudtsen Larsen, styremedlemmar: Thomas Skålnes (Sartor Storsenter, kasserar), Lia Strohmeier (Match), Rune Erichsen (Sund senter), Marita Solsvik Solås og Vigdis James (Rong senter) og Unni Sørensen (Øygarden kommune). Kari Charlotte Waage (Sartor Storsenter, varamedlem, Lindex)

Det har vore 6 styremøte i 2023.

Facebookgruppa Øygarden Treff+ har Rune Erichsen og Thomas Skålnes som administratorar.

Treff+ har hatt annonsar om aktivitetar våren 2023 i dei tre kyrkjeblada.

Medlemstal og medlemskort

Rabatt- og medlemskortet til Treff+ for 2023/24 vart delt ut i samarbeid med innbyggjartorga. Det har vore ei dobling i talet på medlemmar frå 2022 til 2023. Ved utgangen av året var det 161 medlemmar, ein auke på 92 frå året før. Her vil vi spesielt takka vervegeneral Vigdis James for framifrå innsats.

Økonomi

Økonomien i Treff+ har vore tilfredsstillande i 2023. Øygarden kommune gir ei årleg tildeling på 25 000 kroner til glede for seniorane i kommunen, noko Treff+ set stor pris på. Allsong+ og Demenskor+ har vore finansiert av tilskot frå sponsorar. Det vert elles vist til egne vedlegg for økonomien under sak 5 rekneskap og sak 8 budsjett 2024.

Aktivitetar

Året 2023 var prega av optimisme og aktivitetsglede.

Vi har gjennomført følgjande:

- Nye Treff+ aktivitetstilbod i 2023: Demenskor+ og Allsong+ torsdagar frå klokka 12-13 og 13-14.

Allsong+ starta 30. mars og Demenskor+ 4. mai. Tilboda er eit resultat av samarbeid mellom Treff+, frivillige, kulturskulen og demenskoordinator i Øygarden kommune. Takk til Ernst M. Einarsen på Sartor Storsenter som tok initiativ til begge kora.

Generalsponsor for kora er Sparebanken Vest. Hovudsponsor er Veidekke og Sartor Holding/Sartor Storsenter. Andre sponsorar har i 2023 vore Øygarden kommune, Liegruppen, Sotra Rotary Klubb, Straume Handelpark, Vestnytt, Odeon kino, Radio Sotra og Folkeakademiet Vest.

Dei nye tilboda viste seg å vera svært populære, med totalt 1969 besøkande på Allsong+ frå oppstart i mars til desember 2023. På haustavslutninga 7. desember deltok 146 seniorar, som var rekord i 2023. Interesse har halde fram på nyåret, med 217 deltakarar 15. februar 2024. Demenskor+ hadde i gjennomsnitt 12 koristar. (Tala inkluderer ikkje feriar og heilagdagdar.)

- Datakurs for vidaregåande: «Ikkje la deg lura!» i samarbeid med Teff+, Harddisk og Sartor Storsenter våren 2023. Kursa om datatryggleik var på tre timer og

deltakarane betalte ein liten eigendel og fekk servert te og kaffi. Korleis eldre kan unngå ulike svindelmetodar vekte positiv merksemd, og TV2 tok kontakt for å laga ein reportasje om kursa. Dette vart sendt som hovudoppslag på 21 nyheitene og på nettsida til TV2. Øygarden kommune vart profilert som innovative med datakurs for eldre. 17 deltakarar gjennomførte kurs i perioden februar-april. Tilbakemeldingane frå deltakarane var særst gode. Styret håpar at datakurs kan gjennomførast også i 2024.

Treff+ fekk ikkje midlar til gratis grunnkurs i 2023, men valde likevel å dekkja eit kurs med 6 deltakarar. Treff+ hadde diverre ikkje midlar til fleire kurs.



Foto: Unni Sørensen

- Litterær matpakke er eit populært tilbod på innbyggjartorg og bibliotek kvar månad, første torsdag på Sundsenteret og siste torsdag på Sartor Storsenter.
- Fem vellukka moteshow vår og haust: Tre på Rong og to på Sartor Storsenter. Moteshow er godt innarbeid og vi har mange flotte mannekengar som stiller på kort varsel. Takk til mannekengane.



Foto: Unni Sørensen

Foto: Unni Sørensen

- Haustopning for Treff+ 24. august v/styreleiar Berit Anita Knudtsen Larsen og senterdirektør på Sartor Storsenter Thomas Skålnes: I samband med kommunevalet 2023 opna vi med innslag ved ordførarkandidatane Marianne Sandahl Bjørøy og Tom Georg Indrevik. Dei fortalde om visjonar for dei neste fire åra (2023-2027). Dei frammøtte fekk lett servering og musikk frå Seniorekameratane.



Foto: Vigeik Brekke

- Juleavslutningar: 13. desember på Sund senter, 20. desember på Rong senter (inkludert moteshow) og 21. desember på Sartor Storsenter. Seniorane fekk juleblomar frå lokale blomebutikker, kaffi og noko å bite i og trekkspelmusikk frå Seniorkameratane.



Foto: Berit Anita Knudtsen Larsen

- Julekonsert Demenskor+

14. desember gjennomførte vi julekonsert i Foldnes kyrkje klokka 18. Konserten var med inviterte pårørende og andre gjester. Det var den første konserten til koret, og det vart ei flott oppleving for koristar og tilhøyrarar. Vi fekk også oppleve nydeleg song og musikk frå elevar ved kulturskulen. Treff+ vil takke kulturskulen og musikkterapeutane v/Erika Kroken, Camilla Kolbeinsen, Elena Kramaridis for opplegg og framføring, både på konserten og øvingane.



Foto: Vigeik Brekke

Avslutning

Treff+ er takksame for samarbeidet med Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Rong senter og Sund senter. Vi takkar også for godt samarbeid med Harddisk på Sartor Storsenter for datakurs. Takk til alle frivillige som stiller opp på Treff+ aktivitetar og Seniorkameratane for god musikk! Vi vil også rette stor takk til tilsette på innbyggjartorg og bibliotek for god hjelp og støtte.

Styret håpar fast transport til våre aktivitetar kjem i gang. Transport er avgjerande for at innbyggjarane skal kunne ta del i dei ulike aktivitetstilboda som Treff+ tilbyr.

Styret i Treff+ 6. mars 2024

Berit Anita Knudtsen Larsen (leiar) (s)

Thomas Skålnes (s)

Vigdis James (s)

Rune Erichsen(s)

Marita Solsvik Solås (s)

Lia Strohmeier(s)

Kari Charlotte Waage (s)

Unni Sørensen (s)

Framlegg til vedtak: Årsmeldinga vert godkjend

Sak 5: Rekneskapar og beretningar frå revisor

Rekneskap og melding frå revisor for Treff+ driftskonto 2023

TREFF+ REGNSKAP 2023

Inntekter			2023
Saldo banken pr 31/12/22			30538,50
Innløst gavekort fra 2022(kjøpt av BAL)			1500,00
kommunalt tilskudd 2023			25000,00
Renteinntejter for 2022, utbt. Mars 2023			133,00
Sum inntekter			57171,50
UTGIFTER			2023
Bankkostnader			267,00
Administrasjon/styremøter			1194,00
Motehow, Sartor/Rong			6979,50
Teknisk bistand-Moteshow/høståpning			13327,50
Datakurs- videregående/grunnkurs			16050,00
Høståpning -Sartor Storsenter			7543,80
Juleavslutning 14,20 og 21 desember på de 3 sentrene			3968,24
Sum utgifter			49330,04
Driftsresultat			7841,65

Rekneskapsaldo.
Bankens saldo

REVISORS BERETNING

Regnskap revidert og godkjent hensyn tatt
K. O. 31. forlitt beløst banken (bilag nr 15).

STRÅUM 13/2-2024

Eliell Meyer
REVISOR

Anders H. H. H. H.
Styretleder.

REVISJONSBEKREFTELSE

Til Årsmøtet i Treff+ drift.

Revidert regnskap for TREFF+ drift.

Konklusjon


Undertegnede har revidert foreningens resultatregnskap for **2023** i samsvar med foreningens vedtekter og gitte retningslinjer.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr 7.841,65.

Revisjonen har ikke gitt grunn til revisjonsanmerkninger. Det er påsett at utbetalinger støtter seg på godkjente bilag.

Etter min mening oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og gir årsregnskapet et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2023.

Straume 14. februar 2023



Kjell Bergesen

'Revisor'

Regnskap og melding frå revisor: Allsong+ og Demenskor+


Inntekter				2023
Sponsor inntekter				560000,00
Sum inntekter				560000,00
UTGIFTER				2023
Honorar til musikerne				164380,00
Honorar - vikar for musikkterapeutene				3000,00
Innkjøp av piano				14395,00
Sosial sammenkomst sommer/jul, begge korene				32850,00
Diverse innkjøp til begge korene v/bal				9135,35
Utlegg - mapper, Kari M. Pedersen, frivillig				1021,50
Mat , Demnskor+ Baker Brun				27884,70
Diverse varer Bunnpris				2924,00
Duker, til 7/12-23, v/Rolf Øvretvedt				698,00
Diverse utlegg korrdinator Hege Tvedt				808,00
Utgift m/lys/lyd- julekonsert Demenskor+				4250,00
Tranport- henting av korister, v/H.Røsæter				3 391,00
Sum utgifter 2023				264737,55
Driftsresultat				295262,45


Regnskap

295262,45 Bank saldo pr 21/12/23

REVISORS BERETNING

Regnskap revidert og godkjent.




Styrelleder.

REVISJONSBEKREFTELSE

Til Årsmøtet i Treff + DEMENSKOR+/ALLSONG

Revidert regnskap for TREFF+ Demenskor og Allsong.

Konklusjon


Undertegnede har revidert foreningens resultatregnskap for **2023** i samsvar med foreningens vedtekter og gitte retningslinjer.

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr 295.262,45.

Revisjonen har ikke gitt grunn til revisjonsanmerkninger. Det er påsett at utbetalinger støtter seg på godkjente bilag.

Etter min mening oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og gir årsregnskapet et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2023.

Straume 14. februar 2023



Kjell Bergesen

'Revisor'

Treff+ Allsong+ og Demenskoret+: revisjonsberetning

Framlegg til vedtak: Rekneskapen vert godkjend

Sak 6: Innkomne framlegg

Det er ingen innkomne framlegg.

Sak 7: Handlingsplan for 2024

Det er budsjettert med eit datakurs i 2024, men Treff+ vil søkja om midlar for å tilby fleire kurs. Andre Treff+ aktivitetar: Allsong+ og Demenskor+, moteshow, litterær matpakke og juleavslutningar.

Framlegg til vedtak.

1. Årsmøtet godkjenner handlingsplan med mynde til styret til å foreta eventuelle endringar for 2024/25.

Sak 8: Budsjett 2024 Treff+ og Allsong+ og Demenskor+

Forslag budsjett 2024: driftskonto

BUDSJETT FORSLAG 2024 DRIFTSKTO.TREFF+				
			Inntekter	Utgifter
Inngåenbde balanse 31/12/23			7841,96	
Kommunalt tildskudd år 2024			25000,00	
Administrasjon, styre				1500,00
Moteshow -2 på Sartor og 2 på Rong				7000,00
Datakurs				6770,00
Juleavslutning på våre 3 sentre				
Rong og Sund sentre,Sartor Storsenter				14600,00
Uspesifisete aktiviteteter				2971,96
			32841,96	32841,96

Treff+: budsjett 2024

Framlegg til vedtak:

Budsjettet vert godkjent.

Forslag budsjett 2024: Allsong+ og Demenskor+

Budsjett 2024			
2024	Demenskor+	Allsong+	Totalt
Inntekter			
Privat og offentlig støtte			735 000
Musikkterapeuter 3 timer pr veke/40 veker	130 000		130 000
Artister/forsangere/andre ressurser		250 000	250 000
Transport	25 000		25 000
Medlemsavgift korforbundet			
Leie lokaler og teknikk	75 000	125 000	200 000
Andre driftskostnader	40 000	90 000	130 000
Sum kostnader	270 000	465 000	735 000

Framlegg til vedtak:

Budsjettet vert godkjent.

Sak 9: Val av styreleiar

Innstilling frå valnemnda

Styreleiar:

Berit Anita Knudtsen Larsen, attval 1 år

Styremedlemmer:

Vigdis James, attval 2 år

Lia Strohmeier, attval 2 år

Rune Erichsen, attval 2 år

Varamedlem:

Magnfrid Kristin Sørensen. Straume, nyval 2 år

Sak 10: Val av styremedlemmar

Styret etter innstilling frå valnemnda

Styreleiar Berit Anita Knudtsen Larsen

Styremedlem/sekretær Unni Sørensen, Øygarden kommune, vald for 2 år i 2023

Styremedlem/kasserar Thomas Skålnes, Sartor Storsenter, vald for 2 år i 2023

Styremedlem Marita Torsvik Solås, Rong senter, vald for 2 år i 2023

Styremedlem Vigdis James, Treff+ Rong, vald for 2 år i 2024

Styremedlem Lia Strohmeier, Match Sartor Storsenter, vald for 2 år i 2024

Styremedlem Rune Erichsen, Sund senter, vald for 2 år i 2024.

Varamedlem Kari Charlotte Waage, Lindex Sartor Storsenter, vald for 2 år i 2023

Varamedlem Magnfrid Kristin Sørensen. Straume, ny, vald for 2 år i 2024

Helsing valnemnda

Straume 6. mars 2024.

Kari Charlotte Waage /sign.

Thomas Skålnes /sign.

Sak 11: Val av revisor og to medlemmar til valkomité.

Revisor:

Framlegg om attval på Kjell Bergesen for eitt år.

Framlegg til attval på valnemnda: Thomas Skålnes og Kari Charlotte Waage

Framlegg til vedtak:

Valnemndas innstilling vert godkjend.

Sak 12: Avslutning ved leiar

Straume, 8.03.24

Berit Anita Knudtsen Larsen og Unni Sørensen